


# Framleis på veg til eigen bustad

- kva gjer vi no?



Nasjonal konferanse mot bustadløyse, Bergen/Meland 27.- 28. januar 2009



## Korleis nå målet?

Strategien "På veg til eigen bustad 2005-07" uttrykte regjeringa sitt ambisiøse mål om å avskaffe bustadløysa i Noreg. Bak strategien sto fem departement; Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og politidepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet. Ei førebels evaluering av strategien viser at vi ikkje er i mål med omsyn til målsetjingane.

Dei bustadsosiale utfordringane står i kø, og ei rekkje ulike målgrupper under kategorien "vanskelegstilte" på bustadmarknaden (menneske med ulike fysiske og psykiske funksjonshemmingar, domfelte, rusmisbrukarar, flyktningar og andre) er mellom anna i Soria-Moria-erklæringa lova "ein rett til å bu godt og trygt".

**Det store spørsmålet er:  
"Korleis oppnår vi dette"?**

**Dag 1:** Målet for konferansen er å identifisere og drøfte nokre av dei store utfordringane vi står overfor, samt å gi involverte aktørar konkrete løysingsforslag på desse utfordringane. I løpet av første konferansedag får både statlege aktørar og representantar frå ulike målgrupper for strategien leggje fram sine visjonar og løysingar.

**Dag 2:** Blir arrangert i Meland kommune med fokus på løysingar og resultat i det kommunale bustadsosiale arbeidet. Presentasjon av erfaringar frå det nasjonale pilotprosjektet "Sjølbyggjarprosjektet for Ungdom".



# Program

## DAG 1: TYSDAG 27. JANUAR

Konferansiér for dagen: Per Jon Odéen

### DEL 1 FRAMLEIS PÅ VEG?

- 08.30-09.30 Registrering
- 09.30-09.45 Velkommen, ved regiondirektør for Husbanken Region Vest
- 09.45-10.15 På veg. Vegval og utfordringar i bustadpolitikken. Føringar frå regjeringa, ved kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa
- 10.15-10.45 Arbeid er viktig for busetnad og inkludering av vanskelegstilte – politiske føringar frå regjeringa ved representant frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet
- 10.45-11.00 Pause
- 11.00-11.30 Domfelte sin busituasjon – ei kriminalpolitisk utfordring, ved Per Sigurd Våge, regiondirektør Kriminalomsorgen Region vest
- 11.30-12.30 Lunsj

### DEL 2 EIGEN BUSTAD - TIL OSS?

- 12.30-12.45 Sårbare overgangar – vanskelegstilte unge, ved Styve Gard
- 12.45-13.00 Rus og bustad, ved Line Eiknes, Rio
- 13.00-13.15 Domfelte og bustad, ved Wayback
- 13.15-14.00 Ordskifte
- 14.00-14.15 Pause

### DEL 3 SLIK KAN DET GJERAST!

- 14.15-14.40 Filmpremiere; *"Sjølvsbyggjarane i Meland"*
- 14.40-15.40 Presentasjon av evalueringsrapport frå det nasjonale pilotprosjektet "Sjølvsbyggjarprosjektet for ungdom", Meland kommune ved prosjektleiar Roar Hansen
- 15.40-16.00 Vegen vidare, ved Geir Barvik, adm. dir Husbanken

## DAG 2: ONSDAG 28. JANUAR (NB! Separat påmelding)

Blir arrangert i Meland, ein nabokommune til Bergen. Seminardelen av dagen samt lunsj blir arrangert på Meland Arbeids-senter. Det blir sett opp bussar frå Bergen sentrum i samband med synfaringa i Meland kommune med retur til Flesland etter endt program. Forventa ankomst Flesland ca kl 16.15.

### DEL 1 PRESENTASJON AV PROSJEKT OG TILTAK I MELAND KOMMUNE

- 10.00-10.15 Velkommen, ved ordførar Nils Marton Aadland, Meland kommune.
- 10.15-10.45 Kommunale bustadutfordringar, ei løysingsorientert tilnærming, ved Frode Wikne, kommunalsjef i Meland kommune
- 10.45-11.15 Prosjekt; kvifor og korleis? Ei smørbrødtype over fallgruver og suksesskriteria, ved Roar Hansen, prosjektleiar i Sjølvbyggjarprosjektet
- 11.15-11.45 Tilskot, lån og val av entrepriseform; korleis byggje i kommunal regi?, ved panel frå Meland kommune/prosjektgruppe. Dialog, spørsmål.
- 11.45-12.45 Lunsj

### DEL 2 SYN FARING

- 12.45-14.45 Vi besøker ulike sjølvbygde bustadprosjekt og relaterte arbeidstrenings- og opplæringstiltak i kommunen.

## Praktiske opplysningar

Konferansedato: 27. og 28. januar 2009

Stad:

Dag 1: Radisson SAS Hotel Noreg, Ole Bulls plass

Dag 2: Meland kommune

Gratis deltaking. Utgifter til reise og opphald må ordnast og dekkast av den einkilde.

Obs! Separat påmelding til kvar dag

## Påmelding

Påmeldingsfrist: 17.12.08

Internett: [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no) under arrangement eller Husbanken Region vest ved Bente Bentzen telefon 55 30 66 39

e-post: [bente.bentzen@husbanken.no](mailto:bente.bentzen@husbanken.no)

Skriv på namn, arbeidsstad, tlf. nr, firmaadresse og e-postadresse ved påmelding.